



Ove Eidsvåg har teke den største fisken til no i denne sesongen, men dette biletet er teke eit tidlegare år.

Fisket i elva har teke seg noko opp i det siste og det er ikkje problematisk å slå fast at det skuldast nedbøren.

No er det grunn til å tru at det vil ta seg ytterlegare opp, sjølv om restriksjonane utan tvil verker dempande. Den som no leiar på statistikken er eit kjent namn, Ove Eidsvåg frå Valen, med ein fisk på 8,3 kilo. I fjor toppa han med ein på 9,7 kilo.

Eit anna kjent namn ligg på annanplass og det er Jone Rørheim Kjærland med ein fisk på 5 kilo. Arnt Erik Skjøtskift har førebels stoppa på ein firekilosfisk.

Statistikken inneheld førebels 11 fiskar og 2 av dei er aurer. Han ber elles noko preg av å vera litt ufullstendig og omtrentleg når det gjeld konkrete opplysningar.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen